



Statens vegvesen

Hemre Bygg AS
Øvre Langhaugen 20
5709 VOSS

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Hilde Gunn Stenseth /
56520207

Vår referanse:
16/104686-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
19.07.2016

Foreløpig svar på søknad om dispensasjon frå byggegrense – nybygg – Fv. 306 – gnr. 162 bnr. 6 – Voss kommune

Viser til søknad frå dykk dagsett 01.07.2016.

Statens vegvesen har nokre kommentarar og spørsmål me ynskjer svar på før me tek endeleg stilling til søknaden de har sendt oss. Me ber dykk også vurderer å senda inn nytt framlegg til situasjonsplan med bakgrunn i våre kommentarar.

Tilhøva ved Fv. 306/Istadvegen

- Det er mykje som skjer på eit lita avgrensa areal kring krysset mellom Fv. 306 og kommunal veg Istadvegen. Her kjem både veg frå bustadane de planlegg og gang- og sykkelveg (GS-veg) ut i same punkt.
- Der GS-veg kjem ut i/skal kryssa køyreveg skal det vera mogleg å stå med bil og venta for at mjuke trafikantar skal kryssa. Det vil sei at bil som kjem inn på Istadvegen skal kunne stå i denne vegen og venta på passering av mjuk trafikant utan at delar av bilen står ut i Fv. 306..
- Det er uheldig at fleire køyrevegar og GS-veg har så tette punkt for tilkomst ut i offentleg veg, og særleg då tilkomsten ligg nært opp mot kryss (krysset mellom Fv. 306 og Istadvegen).
- Me ber dykk sjå i Statens vegvesen sine handbøker, då spesielt N100 og V121.

Svingradier og siktilhøve

- Ingen svingradier eller siktilhøve er vist i situasjonsplanen de har sendt oss.
- Svingradier som syner at tilkomst er mogleg må visast i planen dykkar. Her må de ta omsyn til at utrykningskøyretøy og bosbilar også skal koma fram.
- Siktliner må visast i planen.
- For krav til svingradier og sikt viser me til same handbøker som nemnt over.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
fir mapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Flyplassvegen
5705 VOSS

Fakturadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Tilkomst frå Fv. 306 til gnr. 173 bnr. 26 i nordvest

- Er avkøyrsla til gnr. 173 bnr. 26 også tenkt brukt til bustadane de søker dispensasjon for? Denne avkøyrsla er ikkje godkjent for fleire bueiningar, og må så fall søkjast om.
- Statens vegvesen ynskjer berre ein tilkomst til bustadfeltet dykkar, og det er via Istadvegen.
- I enden av/langs intern veg i bustadfeltet er det ikkje planlagt/vist at det skal vera mogleg for utrykningskøyretøy/bosbil å snu. Dette må visast som snusløyfe eller vendehammar.

Statens vegvesen ber om ei attendemelding med svar på og kommentarar til våre merknadar/spørsmål. Me ser gjerne at de sender inn ny situasjonsplan. Først då kan me ta endeleg stilling til dykkar søknad. Dersom de har trong for/ynskjer ein samtale før det eventuelt vert utarbeidd ny situasjonsplan, er me opne for det. Me ber dykk så fall ta kontakt med sakshandsamar for å avtale tid. Grunna ferieavvikling vil det ikkje vera mogleg å nå sakshandsamar før 22 august.

Plan & Forvaltning Voss Hardanger
Med helsing

Carl Erik Nielsen
Seksjonssjef

Hilde Gunn Stenseth
Senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN
Voss kommune, Postboks 145, 5701 VOSS